

TEMA: Landskapet ⑨, Tettstedene ①10
KART: ④428

Lykling

MOTORFABRIKKEN PÅ RUBBESTADNESET

Smeden MARTINUS HALDORSEN starta kring hundreårsskiftet med produksjon av kjerrehjul i smia si på Rubbestadneset. I byrjinga nytta han ei vindmølle til drivkraft, men etter kvart som produksjonen auka, vart det trong for ei betre energikjelde. I 1902 kjøpte difor hjulfabrikken ein brukt motor frå Stavanger. HALDOR, eldstesonen, fekk oppgåva med å ha tilsyn med motoren. Gjennom arbeidet fekk den unge Haldor god kjennskap til forbrenningsmotoren.

Haldor måtte ofte ro til handelsmannen i Foldrøyhamn, og det varte ikkje lenge før tanken om å laga ein motor til båten, melde seg. Vinteren 1902 var motoren klar for prøvekjøring, og like etter vart han montert i båt.

Ryktet om denne motoren breidde seg raskt. På denne tida byrja dei første motorane frå utlandet å koma til Bømlo, og interessa for den nye teknologien var veksande. Snart fekk Haldor inn tingingar frå folk i distriktet. Hjulfabrikken vart motorfabrikk.


Det tyske namnet «Wichmann» kom inn i Haldorsen-familien frå Fitjar og vart brukt som namn på den nye motoren. Wichmann-motorane var enkle og robuste, og hadde ein konstruksjon som gav dei fleire hestekrefter enn dei var selde for. Dei fekk snart ry på seg mellom fiskarane for å vera motorar ein kunne lita på (①114).

Fabrikken har stadig ekspandert utover hundreåret og hatt mykje å seia for lokalsamfunnet. I dag er Wärtsilä Wichmann Diesel A/s ei bedrift med 300 tilsette. Motoren, Wichmann 28, vert levert til fartøy i inn- og utland. Den gamle smia, kjernen i den første industriverksemda, er flytta ut frå fabrikkområdet og restaurert som museum.



Essa i Wichman-smia var starten på heile verksemda. Det vesle «kontoret» (bak essa) var såvidt stort nok til den breidskuldra smeden.

«Man tør have haab om i en nær Fremtid paa Bømmeløen, der hidintil har været anseet som et af de fattigste strøg paa vaar Vestkyst, at se en virksomhed, som er uden sidestykke bertillands.»



Gullgruvene på Lykling vart eit kortvarig industrieventyr.




Faksimile av aksjebrev i BØMMELOENS FORENEDE GRUBEKOMPAGNIER.

Dette skriv Dagbladet i april 1884.

Året før vart det i STORHOUGEN GRUBE minert ut ein stein som synt seg å innehalda 1/2 kilo gull verd 1 110 kroner. Dette løyste ut ein grenselaus optimisme, i stor grad spreidd gjennom avisene.

Gullet på LYKLING vart oppdaga 12 år tidlegare, i 1862. Nokre austlendingar skjerpa etter koparkis i utmarka. Ved skjerpet deira fann unggutten OLA OLSEN LØKLING «...noko gult som eg sette meg til å hamra på, og det vart til ei sponga, som eg sette på treskoen min som var klovna». Dette synt seg å vera reint gull.



Gullklump frå Lykling.

Men det var først i byrjinga av 1880-åra at gullfeber breidde seg. Folk kom no frå fjern og nær for å ta del i eventyret. På kort tid vart det sett opp meir eller mindre provisoriske losjhus, krambuer og skjenkestover, og spekulantar fann seg

utkome i å opptre som mellommenn i handelen med skjerperettar.

I ei avismelding frå 1886 heiter det såleis at på «Bømmeløen er det meget guld – men ogsaa megen humbug.»

Utover i 1886 breidde pessimismen seg meir og meir, og seinhaustes innstilte gruvane.

Det engelske OSCAR GOLD MINING CO. LTD., som dreiv industriell bergverksdrift etter gull, vart reorganisert og kjøpte etter kvart opp dei mindre selskapa i Lyklingområdet. «New Oscar» vart innstilt i 1898. Etter investeringar på over millionen hadde verket frå byrjinga i 1883 produsert 137 kg. gull til ein verdi av kroner 330 000 (①12). □